

ABO Plan og Arkitektur A/S
Postboks 291,
5203 Os
post@abo-ark.no

Førland 31.10.2014

MOTTATT

03.11.2014

Oljerørledning til Mongstad.

Me viser til informasjonsmøte i Austrheim samfunnshus 21.10.2014.
Underteikna grunneigarar og busette på Førland vil i denne omgang gje fylgjande merknader.

1. Vassforsyning

Bygging av tunell kan få negative konsekvensar for fleire eigedomar som har borehol og brønn i nærområdet. Me foreslår at det vert lagt vassledning frå Solen, som vil gje tilknytning til offentleg vatn. Samstundes vil prosjektet få vatn til anleggsrigg og tunelldrif i området.

2. Trafikktryggleik

Anleggsarbeidet med tunelldrif vil medføre auka trafikk på fylkesvegen 565. Det er mykje hjort i området som jevnleg kryssar fylkesvegen. Vegstrekket frå Solenkrysset til Litle-Lindås vert mykje brukt til forbikeyring med høg fart. Det er difor stort behov for veglys og reduksjon av fartsgrensa, frå 80km/t til 60-70km/t.

3. Støy og støv

Fleire hus ligg nært til tunellinnslaget, og dei vil verta råka av støy og støv i byggetida. Prosjektet må gjennomføre støy- og støvdempande tiltak.

4. Avrenning/forureining

Anlegget vil kunne medføre avrenning/forureining til Sætre sin eigedom og til Førlandsvågen. Prosjektet må sikra at dette ikkje vil skje.

5. Steinmasser

Bygging av tunell vil gje store mengder stein, som etter planen skal transporterast på intern anleggsveg til lager /deponi i nærområdet.

Me ber om å få etablert eit steindeponi som me kan bruka til fellesprosjekter på Førland. Det same gjeld deponi for jord frå grøft, anleggsveg og klargjering av området til tunellinnslaget.


Som grunneigarar disponerar me areal til dette formålet.


6. Konsekvensutgreiing (KU)


På informasjonsmøtet 21.oktober vart det opplyst at fristen for merknader til KU er 23.desember.


Me ber om å få jevnleg informasjon om planarbeidet slik at me har best muleg grunnlag til å fylgja opp med aktuelle merknader til KU.


Helsing



Yngve Kaarstad 151/2


Asbjørn Brandtun 151/1


Atle Børsheim 151/4


Norleiv K. Sætre 151/7-8


Kjell Hope 151/20


Rikke Heldal Hope 151/25

Kopi: Austrheim kommune v/ordfører og rådmann.